

# ÅRSMELDING 2009

## Nordmøre spelmannslag

---

Styret har i meldingsåret vore slik samansett:

Leiar	Magnar Almberg
Nestleiar	Hilde Bergfald
Kasserar	Peder Hønsvik
Skrivar	Arnstein Brevik
Styremedl.	Jonny Reitan
Vara til styret:	Jon Grimsmo og Kirsty McKinnon

Valnemnd:	Helge Husby og Helga Eikrem
Revisorar:	Torstein Hamnes og Arve Heggdal

Styret har i året hatt 3 styremøte.

På styremøte den 22. mars 2009 vart det enighet om å forandre domenenamn på laget sine nettsider. Helge fekk i oppdrag å ordne dette.

På årsmøtet i fjor var tanken om ei Almhjellforestilling lansert, og styret fortsatte arbeidet med å få dette i stand. Plassane som vart utpeika for konserten var Sunndal og Meisingset. Kasseraren fekk i oppdrag å søkje ulike instansar om stønad og tilskot. Konserten vart arrangert 24. oktober med godt oppmøte både på Sunndalsøra og Meisingset. Nokre kroner i lagskassa vart det òg. Helge Husby, Rolf Holte og Daniel Dyrnes gjorde ein stor arbeidsinnsats for at konserten gjekk så bra som den gjorde. Ein stor takk til desse tri, og til andre som deltok i arbeidet med konserten.

Ein del av laget spelte under lanseringa av boka til Helge Husby, "Hendt og hender" på Tingvoll.

Både på årsmøtet i fjor og på styremøta har det vore diskutert planar om å dra på ein turné. Ornoyane er vel det som er mest aktuelt, det har vore nemnt plassar som Midt-Vesten og Petersburg i Alaska. Om det blir nokon tur i framtida – ja sei det. Det er vel eit heller dårleg teikn at fylkeskappleiken i Fosnavågen vart for langt unna for oss.

Av andre saker det har vore snakka om i styret, kan nemnast planane om ei CD-innspeling.

Forslag frå Helge Husby til ny aktivitetsplan fram til sumaren 2011 vart diskutert på styremøte 4. mars 2010. I tilknytning til aktivitetsplana kom det fram forslag om at det kunne vore aktuelt å arrangere Almhjellkonsert til hausten på nye stader, eit samarbeid med Oppdal spelmannslag var lansert som ei mulegheit.

Laget har hatt jevnlege øvingar heile året, dei aller fleste har vore på Halska skule.

*Styret*